



# Høyanger kommune

Ordføreren

Miljøvernleiar Marte Conradi

e-post: [marte.conradi@hoyanger.kommune.no](mailto:marte.conradi@hoyanger.kommune.no)

Saksnr.  
11/1070

Dok-ID  
15/4251

Arkivkode  
S11

Sakshandsamar  
RIF

Dato:  
13.05.2015

## Høyringsfråsegn Dyrdalselva kraftverk

Vedlagt følgjer Høyanger kommunestyret si høyringsfråsegn i saka.

Med helsing

Rita Flaten  
politisk sekretær



# Høyanger kommune

## Møtebok

Utval	Møtedato	Saksnr
Formannskap	04.05.2015	028/15
Kommunestyre	12.05.2015	023/15

### Høyringsfråsegn Dyrdalselva kraftverk

#### Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek høyringsfråsegn til Dyrdal Kraft AS om løyve til bygging av Dyrdalselva kraftverk i samsvar med saksutgreiinga.

04.05.2015 Formannskap

**FS-028/15 FRAMLEGG - samr. som tilråding.**

12.05.2015 Kommunestyre

**KS-023/15 VEDTAK - samr. som framlegg.**

# Saksutgreiing

<b>Sakshandsamar:</b> Marte Conradi	<b>Arkivkode:</b> S11	<b>Arkivsaknr</b> 11/1070
--	--------------------------	------------------------------

Vedlegg:
Søknad
Kraftutbygging langs Sognefjorden

## Bakgrunn

NVE har sendt sju søknadar om nye småkraftverk i kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger og Vik på felles høyring, ettersom søknadane skal handsamast samstundes hos NVE. Eitt av dei sju omsøkte småkraftverka, Dyrdalselva kraftverk, ligg i Høyanger kommune.

Dyrdalselva kraftverk skal nytte eit fall på 260 m. mellom kote 265 og kote 5 i Dyrdalselva. Det er i tillegg søkt om å overføre vatn frå Aurebotnelva på kote 270 til inntaksmagasinet i Dyrdalselva. Dammen ved hovudinntaket vil vere om lag 4-5 m. høg, og får eit overflateareal på om lag 1,5 daa. Vassvegen på 1700 m. skal i heilskap leggas som røyr i grøft på nordvestsida av elva. På lengre parti må ein sprengje røyrgrøft, mens ein antek at røyret i nokre parti kan legkast i lausmassar. Store delar av røyrtraséen går i nyleg avverka områder, og det er difor ikkje trong for omfattande avverking av skog. Rørtraséen går ikkje gjennom jordbruksareal. Det er trong for 600 m. permanent ny anleggsveg/skogsbilveg opp til inntaket. Kraftstasjonen er foreslått plassert vest for elveosen, om lag 20 m. ovanfor utløpet i Sognefjorden, og om lag 60m. nedanfor Fylkesveg 92.

Ettersom kraftverket ikkje får reguleringsmagasin, vil aggregatet køyras etter tilsigsforholda ved inntaket. Når vassføringa i elva blir lågare enn om lag 5 % av turbindslukeevne pluss minstevassføring vil turbinen stoppast, og vatnet sleppast over dammen.

Kraftverket vil få ein installert effekt på 3.85 MW, noko som i følgje søknaden vil gje ein gjennomsnittleg årleg produksjon på 11,2 GWh, kor overføringa frå Aurebotnelva utgjer om lag 3,6GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring på totalt 1780 m. elvestrekning i Dyrdalselvi og Aurebotnelva. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på høvesvis 120 l/s om sommaren og 80 l/s om vinteren i Dyrdalselva.

Det er også søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Dyrdalselva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og 22 kV kabel i røyrgrøft til tilknytningspunkt.

Anlegget er estimert å gje ei permanent sysselsetjing på 0,3 årsverk.

## Vurdering

### Landskap

Utbygginga av Dyrdalselva kraftverk medfører tap av Inngrepsfrie naturområder (INON) sone 2 (1 – 3 km. Frå tyngre tekniske inngrep) med 1,1 km<sup>2</sup>. Samstundes vil 0,6 km<sup>2</sup> verte omklassifisert frå sone 1 (3 – 5 km. frå tyngre tekniske inngrep) til sone 2. Sidan starten av kartlegginga av INON i 1988 er Sogn og Fjordane eit av dei fylka som har mista mest

inngrepsfri natur. Den generelle økonomiske utviklinga i Noreg bidreg til press på INON i form av ulike utbyggingstiltak, og kommunane må ta si del av ansvaret og hindre ytterlegare reduksjon. Her er det imidlertid noko usikkerheit rundt kor stort areal som i realiteten vert omklassifisert, ettersom det konsesjonsgjevne Østerbø kraftverk allereie gjer ei stor reduksjon og omklassifisering av INON innanfor det same området.

Det går ein lokalt viktig tursti frå Dyrdal til Dyrdalsstølen, vidare vestover mot Kaldbakkstølen. Inntaksområdet i Aurebotnelve vil verte synleg frå denne turstien, og såleis påverke landskapsopplevinga for turgåarane her. Hovudinntaket i Dyrdalselva vil liggje skjerna for innsyn, både for turgåarar og frå fjorden.

Det er ikkje trong for større masseforflyttingar i samband med utbygginga. Det er fleire parti der sprenging er naudsynt, men utbyggjar planlegg å nytte alle massane frå desse til vegbygging og til plastring av rørtrasé frå dam. Det går fram av søknaden at det skal leggjast vekt på god landskapstilpassing, noko som er viktig i eit fjordlandskap. Under røyrlegging vil ein ta vare på og leggje til side det øverste jordlaget. Dette planlegg ein å tilbakefylle når røyret er lagd ned, sånn at ein oppnår same type vegetasjon og biologisk uttrykk som det er i terrenget i dag.

### **Biologisk mangfald**

Det er ikkje påvist prioriterte naturtypar eller truga vegetasjonstypar i influensaområdet. Det er påvist to raudlista artar langsmed elva, og av dei er alm (NT = nær trua) registrert inne i influensaområdet. Kort trollskjegg (NT) er registrert oppstraums det planlagde inntaket, og ein kan difor ikkje utelukke at denne arten også finnast innanfor influensaområdet. Fossekall og vintererle er registrert i dalføret, og desse artane vil verte negativt påverka av utbygginga saman med andre vasstilknytte fuglearter som til dømes strandsnipe (NT). Oter (VU – sårbar) er observert i området, og det er naturleg å anta at desse også finst i dei nedre delane av Dyrdalselva.

Vandringshinderet for sjøaure ligg om lag 140 m. frå fjorden. Prøvefiske av Høyanger kommune i 2009 viste at Dyrdalselva er ei rekrutteringselv for sjøaure. Elva har ikkje eigen sjøaurebestand, men er likevel viktig for produksjonen av sjøaure i Sognefjorden, og dermed også for fritidsfiske i området. Med den foreslegne minstevassføringa vil denne smoltproduksjonen verte kraftig redusert, og ein kan ikkje utelukke at sjøaurebestanden i Dyrdalselva vil døyt ut. Det er planlagt tersklar som avbøtande tiltak i nedre del av elva for å oppretthalde eit vasspegel i periodar med låg vassføring, men det er likevel tvilsamt at dette vil vere nok til å oppretthalde smoltproduksjonen. Til tross for at Noreg har eit særleg internasjonalt ansvar for å ta vare på anadrom laksefisk er fangsten av sjøaure på Vestlandet nesten halvert sidan årtusenskiftet. Vasskraftutbygging på anadrom elvestrekning vil som ein hovudregel redusere smoltproduksjonen, og skaden kan sjeldan avbøtast gjennom slepp av minstevassføring eller andre tiltak. I dei tilfella der det vert bygd kraftstasjon ovanfor anadrom strekning, er det også viktig å hindre at uføresett stans i kraftstasjonen medfører rask tørrlegging av elvebotnen, med påfølgjande fiskedaude. Dette kan ein unngå ved å installere omlaupsventil i kraftstasjonen. Det er også viktig å hindre fiskedaude som følgje av gassovermetting i avlaupsvatnet frå kraftstasjonen.

Det er observert ål (CR – kritisk trua) i vassdrag i nærleiken, og Fylkesmannen meiner det er sannsynleg at arten også førekjem i Dyrdalselva. Det er planlagd prøvefiske etter ål i Dyrdalselva i mai 2015 for å få eit betre grunnlag for å vurdere om det førekjem ål her. Ålen føretrekk stilleflytande elvestrekningar, og sjølv om vandringshinderet for sjøaure truleg

ikkje er noko hinder for oppvandring av ålelarvar, er det mindre sannsynleg at den strie elva vidare oppover er passande habitat for ålen.

Det planlagde minstevassleppet er om lag på nivå med 5-persentilane for sommar og vinter.

I databasen Vann-Nett ligg Dyrdalselva og Aurebotnelva ikkje inne som eigne vassførekomster, men som del av 'Gavlen bekkefelt'. Det er ikkje registrert andre påverknadar i bekkefeltet enn sur nedbør.

### **Kommuneplanens arealdel**

Tiltaks- og influensaområdet er avsett som LNF- område i arealdelen av Høyanger kommuneplan. Viss det vert gjeve konsesjon etter vassressursloven er tiltaket unntatt byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova, men krev dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen før arbeidet vert igangsett.

### **Rådmannen sin konklusjon**

Bygginga av Dyrdalselva kraftverk er eit positivt tiltak som vil gje ei viktig biinntekt til grunneigarar som driv aktivt med jord- og skogbruk, og såleis kan bidra til framtidig drift og busetting i eit område som er påverka av fråflytting.

Av omsyn til dei biologiske verdiane på anadrom strekning i Dyrdalsvassdraget, fyrst og fremst sjøaure og ål, bør kraftverket plasserast ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk, om lag 140 m. frå fjorden. Samstundes må ein gjennomføre naudsynte tiltak for å sikre at sjøaure og ål ikkje vert negativt påverka av utfall eller gassovermetting. Ei plassering ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk vil også redusere synlegheita av kraftstasjonen frå fjorden, og vatnet vil renne naturleg den nedste delen av elvelaupet ut i fjorden.

Minstevassføringa bør ligge på det omsøkte nivået heile året av omsyn til naturmangfaldet.